

ØRSKOG HISTORIELAG:

STORT FRAMMMØTE PÅ LANGSKIPSØYA.

Sist onsdag hadde Ørskog Historielag invitert til kveldsete på Langskipsøya rett utanfor Tyssa. Nær 40 interesserte hadde funne vegen fram til fjøra på Tyssa der Ove Bergquist, Kristian Tøsse og Oskar Frostad ordna med båtskyss over til øya. Ei nyrestaurert løe og ein strålende opplagd forteljar møtte oss. Asgeir Kvernberg - ei solid drivkraft i Storfjordens Venner – ga oss ei levande skildring av historia til løa, litt om øya, litt historie og ikkje minst flotte glimt frå arbeidet med det første og så langt einaste restaureringsprosjektet deira i Ørskog: Løa på Langskipsøya. Bygningen – eit grindbygg frå 1700-talet – var nær kondemnering då SV etter oppmoding frå ØH starta restaureringsarbeidet sist år. Ei løe med kulturhistorisk verdi – med god støtte frå Kulturminnefondet – står der nesten ferdig. Golv og dør står att – og noko rydding i området rundt. Asgeir kunne gje oss mange detaljar frå arbeidet – med reisverk – bordkledning og takteking. Steinen på løetaket stammar truleg frå Ørskogkyrkja som vart riven i 1872 og flytta til Leikong. Taksteinen vart verande i bygda, så Asgeir sin teori har stort truverde. Vi fekk gjennom Asgeir si levande skildring følgje byggeprosessen frå start og så langt. Helge Aarset har vore fagleg ansvarleg og mykje av arbeidet er utført på dugnad. Vi fekk glimt inn i korleis borda vart saga og trepluggar vart laga og nytta. Langskipsøya og Tyssa var i si tid ein sentral stad i vårt distrikt. Mykje tømmer har vorte skipa ut frå øya. Postkontoret var ei tid inne på Tyssa – her var stor aktivitet under siste verdskrigen. I si tid var det gardsdrift på øya. Asgeir såg føre seg at utgravingar ved hjelp av profesjonelle folk truleg ville avdekke mykje spanande. Mykje tyder elles på at Storfjordstemnet i juni 2017 vert lagt til Langskipsøya – flott! Ørskog Historielag vil i samband med det arbeidet som er gjort og kveldseta denne maikvelden få takke alle bidragsytarar: Grunneigar, dugnadsfolka, Storfjordens Venner, Asgeir Kvernberg, båteigarar på Tyssa og damer frå ØH som stilte med kaffi og noko attåt. Takk til alle som tok turen – det er alltid inspirerande for ØH når folk møter opp, er positive bidragsytarar og set pris på arrangementa. Vel møtt til bygdevandring i august og kveldsete i september. God sommar!

Ragnar Elias Bakken – sekr. – ØH -